

Forskjellig

Matfestivalen på Ose er avlyst

Grunna smitteavgrensande tiltak er matfestivalen på Ose avlyst for i år. Me sjåumst att i 2021.



KVA SKJER I BYGLAND? – MAI 2020

Alle vanlege arrangement er diverre fortsatt avlyst grunna koronautbruddet

Alternativ 17. mai-feiring under planlegging

17. mai-komiteen i Bygland er godt i gong med planlegging av ei alternativ feiring av nasjonaldagen. Den tradisjonelle feiringa med talar, kransenedlegging, folketog og samling på Landeskogen går ut i år på grunn av korona-situasjonen.

17. mai-komiteen er i jamnleg dialog med kommuneoverlegen for godkjenning av alternativ feiring. Ein arbeider for å få til ei alternativ feiring med lokale tradisjonar i fokus. Når alle detaljane er på plass, og komiteen har klart eit endeleg program, vil dette bli lagt ut.

Hugs at generelle smitteråd som handvask, halde avstand og å unngå større folkemengder m.v. også gjeld på 17. mai.

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 9:

Bilete: Framside: Kathe M. Kjetså, Innhald: Marit S. Kvaale, pixabay.com, Knut Olav Forgard, Susanne Hegenscheidt, Anne Fauske; Kva skjer: 17. mai komitee. Tusen takk!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt Korrektur: Mari Rygg

E-post: post@bygland.kommune.no

Neste utgåve Byglandsnytt: 2. juni 2020



Byglandsnytt nr.9 – mai 2020

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 2.juni Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 29.05

Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar: www.bygland.kommune.no/innsyn

Rådet for eldre og funksjonshemma: 04.05. kl. 12.00 - Bygland Ungdomsråd: 04.05.

kl. 15.30 – Plan, miljø og ressursutvalet: 05.05. kl 13.00 - Formannskapet: 06.05.

kl 10.00 – Kommunestyret: 14.05. kl. 13.00

Ver klar over at møteplanen kan bli endra.

Opningstider Bygland kommunehus

Grunna smitteavgrensande tiltak er kommunehuset stengt for publikum utan avtale for tida. Dette kan endre seg fort. Kommunen informerer i så fall om opning av kommunehuset på heimesida si.

Publikumsmottaket: Kommunetelefonen (tlf. 37 93 47 00) er open måndag til fredag kl. 10:00 – 14:00

NAV: Rettleiingssentret i Bygland er foreløpig stengt. Vi beklagar ulempene dette medfører. NAV tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08:00-15:00

Legekantor: Vanlege opningstider

Jobb i Bygland kommune

Det er fleire stillingar ledig i Bygland kommune; meir informasjon finn du på kommunen si heimesida; søknader sendes kun digital; ver merksam på søknadsfrist:

- Administrasjon
 - Kommunedirektør (rådmann); frist: **06.05.2020**
- Pleie og omsorg
 - 3 sjukepleiar; frist **05.05.2020**



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Sommarjobb i Bygland kommune til ungdom i aldersgruppa 16 - 20 år

Arbeidet sin art vil i hovudsak vere:



- Byggvedlikehald, i hovudsak måling
- Stell og vedlikehald av grøntanlegg m a plenklypping og vegetasjonsrydding
- Reinhald, som t d vindusvask, nedvask m v.
- Diverse arbeidsoppgåver i samråd med arbeidsleiinga

For meir informasjon og søknadsskjema: sjå kommunen si heimesida

Nytt om namn i kommunen:

- Andzelika Zielinska er tilsett i ei 61,21 % stilling som reinhaldar ved Byglandsfjord oppvekstsenter
- Beata Nierzwicka har fått utvida stillinga si med 12 % som reinhaldar for sanitærfasilitetar på Prestneset.
- Anette Skogen Johansen er tilsett i 100% stilling i psykiatribustaden/dagtilbod.

Høyringer og offentleg ettersyn (med frist for høyringsuttale)

Det er fleire planar og prosjekt lagt ut for høyring og offentleg ettersyn på både kommunehuset og på kommunen si nettside

www.bygland.kommune.no



Ver merksam på frist for høyringsuttale:

- Oppstart av klagesak 2020/6 opprinneleg namnesak 2018/447 – Skomedal/Skåmedal
 - frist: **06.05.2020**; merk høyringsuttalar med sak nr. 2017/247 og send dei til post@bygland.kommune.no; Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland
- Mulighetsstudie for Otra elvepark
 - Ny frist: **20.06.2020**; send e-post til: post@midt-agderfriluft.no
- Offentleg ettersyn - Reguleringsplan for Neset camping
 - frist for eventuelle merknader til reguleringsplanforslaget sendast skriftleg innan **28.05.2020** til: Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland eller pr. e-post: post@bygland.kommune.no og merk med sak nr.19/251

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Utstyrssentralen har alt for å sove ute

Har du tenkt at det hadde vore fint å sove ute ei natt? Men så mangler du både det eine og andre for det? Då ring du til Utstyrssentralen, og tinge telt/hengekøye, sovepose, kokeapparat, hodelykt på tlf. **945 02 858**.



Setesdal Brannvesen IKS informerer...

Fra og med 15. april er det forbud mot å gjøre opp ild i eller i nærheten av skog og annen utmark

Forebyggende forskriften sier følgende:

Enhver plikter å vise aktsomhet ved gjennomføring av aktivitet som kan føre til brann.



- Det er forbudt å gjøre opp ild eller behandle brannfarlige gjenstander utendørs under slike forhold eller på en slik måte at det kan føre til brann. Oppgjort ild må ikke forlates før den er fullstendig sloknet.
- Det er i tidsrommet 15. april til 15. september forbudt å gjøre opp ild i eller i nærheten av skog og annen utmark uten tillatelse fra kommunen. Kommunestyret selv kan gjennom lokal forskrift fravike dette forbudet dersom lokale forhold tilsier det. Det er likevel tillatt å gjøre opp ild der det åpenbart ikke kan medføre brann.



Setesdal brannvesen IKS

Brann og ulykker, tlf: 110; Vakthavande brannsjef, tlf. 916 69 104

Feiarspørsmål: feier@sb-iks.no; Spørsmål til brannvesenet: post@sb-iks.no

Tømekalender for Bygland kommune – mai 2020

Matavfall og restavfall: veke 19: torsdag 07.05.

Matavfall og glas/metall: veke 20: fredag 15.05.

Papir og plast: veke 21: tysdag 19.05.

Gjenvinningsstasjonene er open att for levering av avfall på laurdagene.

Nesmoen gjenvinningsstasjon: 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (13.05.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (23.05.)

Syrteit avfallsanlegg: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (09.05.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Konfirmasjonar

Konfirmasjonane som var planlagt i vår er utsette til hausten: Laurdag 22. august: Bygland kyrkje, søndag 30. august: Årdal kyrkje og laurdag 5. september: Austad kyrkje

Kyrkjekontoret i Bygland

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472, kyrkjuverje: Olav Nilsen: 982 99 711, prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173

På kyrkjelyden si Facebookside kjem det stadig nytt stoff. De finn ho her:

www.facebook.com/Byglandskyrkjene/

Gudsteneste på TV og radio

NRK sender søndagsgudsteneste direkte på NRK 2, **NRK P1** og NRK P1+ kl.

11.00: <https://radio.nrk.no/serie/gudstjeneste-radio>

Bygland frivilligsentral

Tilskot til Sti og løypeprosjekt

Frivilligsentralen har gått saman med fagleiar i plan og utvikling Sonja Lien Skjevraak, i høve å forsøke å gjere naturen vår meir tilgjengeleg for fleire.

For belønninga fekk frivilligsentralen i frå Fylkeskommunen: 70.000 kroner!



På dialogmøtane som kommunen har hatt hausten 2019, har det kome fram at naturen og våre stier og løyper er viktige for dei som bur her. Dette har inspirert oss til å forsøke å utvide tilbodet. Frivilligsentralen vil søke å rydde allereie eksisterande løyper og stiar, og å legge opp til endå fleire løyper i heile kommunen (i samråd med grunneigarar sjølv sagt). Den ønskjer seg ein gjeng av frivillige som kan tenkje seg å nytte noko av si tid på å vere med å merke stiar, halde opne dei eksisterande, eller vise vei på nye stiar. Utstyr stend sjølv sagt sentralen for.

Prosjektet er enno i startgropa, men er dette noko du kan tenkje deg å vere med på, så nøy ikkje med å ta kontakt med dagleg leiar i Frivilligsentralen på e-post, sms, ringe, messenger: **Anne Fauske, tlf.: 945 10 770, e-post:**

anne.fauske@bygland.kommune.no eller post@bygland.frivilligsentral.no

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Drift og Forvaltning

Tette rotorar i avløpspumpestasjonane

I desse tidene strevar avløpspersonellet med at avløpspumpestasjonane stoppar ofte opp fordi det blir bruka mykje våtserviettar o.l. Desse produkta løyser seg ikkje opp som vanleg toalettpapir og tettar rotorane i pumpene. Me ber brukarane om å ikkje kaste denne type produkt i toalettet!



Økonomi og næring

Informasjon om kommunale tiltak for næringslivet i samband med Covid-19



Næringsdrivande som ønskjer det, og sender søknad til kommunen, vil kunne få utsatt betalingsfrist på kommunale rekningar (kommunale avgifter, eigedomsskatt og husleige kor kommunen er huseigar) på inntil 4 månadar.

For å be om betalingsutsetting må de sende ein skriftleg søknad til **post@bygland.kommune.no**.

Det er altså ingen automatikk i dette - betalingsutsetting vil berre bli vurdert viss næringsdrivande sjølv tek kontakt. Dette er heller ikkje eit generelt tiltak, sidan ein vil vurdere kvar enkelt søknad for seg sjølv ut frå informasjonen ein får i søknaden. I søknaden bør ein spesielt vektlegge inntektsreduksjon og likviditetsprognoser. Alle søknadar er unntatt offentlegheit i kommunen sitt arkiv

Det ileggjast ikkje forseinkingsrenter for dei som får utsatt betalingsfrist på kommunale krav, og det vert følgjeleg heller ikkje sendt puringar. Den som skal betale kravet må sjølv huske på den nye fristen, det vert ikkje sendt eige faktura på dette. Etter fristen har gått ut vil kommunen halde seg til retten til å krevje inn kravet i sin heilskap.

Fakturering av avgift for sal- og skjenkebevilling vert utsatt til hausten.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Eigedomsskattekontoret i kommunen vil vurdere å utsetje fakturering av eigedomsskatt for 1. termin viss ikkje situasjonen har endra seg innan den tid (ordinært forfall er **18. mai**)

Kommunen sitt næringsapparat med **Setesdal Vekst** i spissen, vil kunne hjelpe dei som treng hjelp med å sende søknad om kompensasjon frå staten. Ein kan då sende ein e-post til setesdalvekst@gmail.com

Om fritak for kommunale rekningar

- **Eigedomsskatt:** Kommunen vil på generelt grunnlag ikkje gi fritak for eigedomsskatt, då ettergjevnad av eigedomsskatt skal vurderast veldig strengt, jf. eigedomsskattelova § 28
- **Kommunale avgifter:** Kommunale avgifter er og underlagt eit strengt regelverk og dei overordna føringane kommunen har fått så langt tydar på at Covid-19 ikkje gir grunnlag for fritak
- **Husleige:** Eventuelle søknadar om fritak for husleige vil bli handsama på politisk nivå

Setesdal Regionråd har og samla mange aktuelle informasjon til næringslivet på heimesida si: www.setesdal.no

Informasjon om statlege tiltak for næringslivet i samband med Covid - 19

Føretak med minst 30% omsetningsfall kan få kompensasjon

- Tilskotsordninga gjeld for kalendermånadane mars, april og mai 2020, men kan bli forlenga
- Verksemda må kunne dokumentere eit omsetningsfall på minst 20 % for mars, og minst 30 % per måned for den andre perioden
- Storleiken på kompensasjonen vil avhenge av kor mykje omsetninga har falle, storleiken på verksemda sine uunngåelege faste kostnader og om føretaket er pålagt å stenge av staten

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Vakttelefon for barn og unge

Kommunen har ein vakttelefon som er open måndag til torsdag kl. 18.00 – 20.00 for barn og unge som er bekymra og som treng å prate med nokon.

Den blir bemanna av helsesjukepleiar og rådgivar:



Måndag og tysdag: Berit Susanne Norstrand Tlf. 901 45 680

Onsdag og torsdag: Ann Cecilie Andersen Attestog Tlf. 482 14 913

Vi gjer merksam på at ein også kan nå helsesjukepleiar i vanleg kontortid på dagen: Margrethe Mosdøl: 476 23 122 og Berit Susanne Nordstrand (sjå o.)

Alarmtelefon for barn og unge er bemanna heile døgnet: **116 111**

Kultur

Bygland folkebibliotek opner att

Frå måndag 4. mai 2020 held biblioteket vanleg ope att. Du kan både låne og levere! (Litt karantene på bøkene etter levering). Kom gjerne med tips til bøker du ønskjer å få låne.



Ta kontakt med biblioteksjef Mari Rygg på tlf. 994 16 133 (mellom 9 og 15) eller e-post: mari.rygg@bygland.kommune.no.

Vi må halde oss til reglane om å unngå smittespreiing:

Ikkje gå på biblioteket om du er sjuk; Hald hendene reine; Ikkje for mange inne om gongen (maks. 5 stk); Hald god avstand.

Bygland	Byglandsfjord
Måndag 11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
Tysdag 16.00 – 19.00	10.00 - 14.15
Torsdag 14.00 – 17.00	-

Den Norske Kyrkja - Bygland

Midlertidige endringar i kyrkja si drift

Kyrkja følgjer dei forordningar som sentrale og lokale styresmakter gjer og arrangement som ikkje vert rekna som naudsynte vert ikkje gjennomført for tiden. Det gjeld gudstenester, andakter, heimebesøk osv. Det vi kan gjennomføre er gravferder, eigne dåpsgudstenester og vigslar. Men dei må òg gjennomførast med restriksjonar.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Oppvekst

Oppvekstsentra i Bygland

Det har ikkje vore nokon problem i samband med opninga av skule og barnehage i slutten av april. Skulane er i rute. Alle elevane på dei små trinna på skulen har møtt opp, og fram møteprosenten i barnehagen er god.



Informasjon om foreldrebetaling i barnehage og SFO under coronautbrotet

Foreldre skal ikkje betale for barnehage og SFO i den perioden barnehage og skulefritidsordning er stengt med heimel i smittevernloven

Fakturaen som de mottok for mars måned må betalst. De vil ikkje motta faktura for april. Ny faktura kjem i mai med avreikning mot mars og april-fakturaen.

Onsdag 8. april 2020 vart det nasjonalt vedtatt gjeninnføring av foreldrebetaling for foreldre til barn som får eit tilbud i barnehage og SFO. Foreldre skal betale frå den dagen dei igjen får tilbod om plass. Fra 14. april 2020 skal foreldre til barn som mottar tilbud i SFO, betale foreldrebetaling i tråd med prisen som er gjeldande. Dette gjeld uavhengig av antall timar tilbodet omfattar. For foreldre til barn som mottar tilbud i barnehage fra 14. april 2020 gjeld ordinære reglar om foreldrebetaling i barnehage. Dette gjeld uavhengig av antall timar tilbodet omfattar. Når barnehage og SFO opnar opp att, skal foreldre betale foreldrebetaling i tråd med ordinær oppholdstid i barnehage og SFO. Foreldre som av ulike grunnar vel å ikkje nytte plassen i barnehage eller SFO, må betale for denne. Foreldrebetalinga fell bort kun dersom plassen vert sagt opp. For barnehage og SFO vil det ikkje bli fakturert for kostpenger, dersom barna får beskjed om å ha med niste.

Redusert foreldrebetaling i barnehagen

Dersom foreldre har fått redusert inntekt som følge av koronasituasjonen, må de søkje om redusert foreldrebetaling i tråd med ordinære retningslinjer. Skjema finn de på kommunens heimesider.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Stortinget har vedteke ordninga og søknadsskjema er tilgjengeleg her:
<https://kompensasjonsordning.no/>

Landbruk

Fylkesmannen i Agder har publisert informasjon til bønder her:
<https://www.fylkesmannen.no/agder/Landbruk-og-mat/Jordbruk/koronavirus-informasjon-til-bonder/>

Innovasjon Norge

- Avdragsfridom
- Reduksjon i renter (1% lågrisikolån, 1,25% risikolån)
- Lågare krav til sikkerhet
- Kommersialiseringstilskot nye prosjekt (50-75% av totale kostnader)
- Oppstartslån (1,5 - 2 mill.)
- Rentefritak på oppstartslån (maks. 2 år 6 mnd.)
- Innovasjonskontraktar for miljøteknologi (krav til EK frå pilotkundar blir halvert)

Sjå meir informasjon på kommunen sin heimeside; søkjeord: statlege tiltak

Ledige kontorlokale

Byglandstunet AS leiger ut kontor som du kan leige fast. I 2020 er tilbodet slik at nye leigetakarar kan leige kontor gratis i 3 månadar, og deretter for halv pris ut året.



Tilbodet er for næringsdrivande med organisasjonsnummer. Lokalane som leigast ut skal brukast som kontor.

Tilbodet gjelder kontora i tidligere lensmannskontoret.

Ta kontakt med dagleg leiar i Byglandstunet AS, **Knut Olav Forgard (e-post: knut.forgard@bygland.kommune.no)**, for meir informasjon.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117


Helse

Kommunane Bygland og Evje og Hornnes har saman etablert isolasjonsavdeling på Evjeheimen.

Tenesteleiar Helse og kommuneoverlege går saman og ser på ulike alternativ for auka grad av testing.

Legekontoret på Bygland og Byglandsfjord er opent

Legekontoret er bemanna med vikarlege Nektarios Apostolou og turnuslege Amelia Koidl. Åsulv Horverak er oppteken med smittevern i samband med koronavirus så han har ikkje pasientar no.



Det er viktig at pasientar som treng helsehjelp får naudsynt oppfølging av lege, men at dei ringer for timeavtale før dei møter opp.

Pasientar med influensaliknande symptom skal ikkje møte på legekontoret, men ta kontakt over telefon for vurdering.

Bygland legekontor har til nå ikkje hatt nokon med smitte på kontoret. Ingen av dei tilsette har vore i karantene med mistanke om smitte.

Koronatelefon

Bygland kommune samarbeider med Evje og Hornnes kommune om "Koronatelefon" Telefonen er bemanna av helsesjukepleiarar, og her kan du som innbyggjar kome med helserelaterte spørsmål i forhold til korona

Telefonnummeret er **911 24 143**

Telefonen er bemanna alle vekedagar frå kl. 09:00 - 12:00 og kl. 13:00 - 15:30.

Meld frå om du er i karantene!

Alle som er i karantene i høve dei nasjonale retningslinene må melde frå til kommunen.

Vi ønskjer fortrinnsvis beskjed på e-post, men er og tilgjengelege på telefon.

E-post: jorunn.tveiten@bygland.kommune.no; tlf. (09:00 - 18:00): 911 10 075

Vi gjer merksame på at dette telefonnummeret kun er for registrering av karantenetilfelle. Det er ikkje muleg å få svar på medisinskfaglege spørsmål!

Les meir om karantene og isolering på Folkehelseinstituttet sine nettsider fhi.no

Les meir om reiser og koronavirus på regjeringa sine sider: regjeringen.no

Informasjon om tannhelsetenesta

Evje tannklinikk opnar att

Tannklinikken er kun open for akutt behandling. For å avtale time, ringer du **379 30 195** i tida måndag - fredag kl. 08:00 - 15:00.



Pleie og Omsorg

Hovudfokuset i pleie og omsorg har den siste månaden vore å halde Covid-19 smitte ute frå institusjonane våre på Bygland og Byglandsfjord. Det vart innført besøksforbod ved institusjonane 11.3.20, og alle varer som blir levert til institusjonane må vere 3 dagar i karantene før dei kan takast i bruk.

Det same gjeld for gåver o.a. som pårørende ønskjer å gi til sine som bur på institusjon. Per i dag er det ingen bebuarar eller tilsette som er påvist smitta med Covid-19.

Eininga følgjer dei nasjonale retningslinene når det kjem til det som handlar om institusjonar.

Det er etablert ei ordning for pårørende som ønskjer kontakt med sine på nettbrett. Pårørende bes ta kontakt med Byglandsheimen for meir informasjon om dette.

Tenestene til open omsorg har vore noko redusert dei siste vekene, men vil no returnere gradvis til normalen. Dei opne dagaktivitetane som skjer inne på institusjonane vil det framleis vere restriksjonar på.

Det har vore ein del fokus i media på mangel på smittevernutstyr, men heldigvis er situasjonen på dette området god her hjå oss.

I tida som kjem vil det framleis vere strenge restriksjonar omkring institusjonane våre. Dette vil mest sannsynleg stå på over lang tid. Det viktigaste for oss er tross alt å ta i vare tryggleiken til bebuarane og brukarane våre.

Utanom dette legg vi vekt på å skape ein så trygg og god atmosfære for bebuarar og heimebuande brukarar. Vi er i full gong med å planlegge sommaren, og har også i år fått tilsett mange flinke sommarvikarar.

